

SISTE INDRE



Blad for Indremisjonsforbundet i Rogaland
Nr 5 - 2016. Årgang 56 - imfrogaland.no



Vi er gode nyheter

Kor står vi og kor går vi?

For tida arbeider kretsstyret med å revidera strategiplan og handlingsplan for Imf Rogaland. Det er spennande og utfordrande arbeid. Vi har brukt tid på å sjå kva styrkar og veikskapar vi har i vår organisasjon, kva vi ser er mogleg, og kva som kan trua arbeidet vårt. Ut frå dette skal vi arbeida vidare med å staka ut vegen vi ønskjer å gå framover.

Også i eige liv, i indremisjonsforeninga, på bedehuset eller i forsamlinga kan det vera på sin plass å ta litt tid ein gong i blant til å gjera opp status og staka ut vegen vidare. I etterkant av kyrkjemøtet i vår har mange stilt seg spørsmålet, kor går vegen vidare for kyrkje og bedehus - og for meg? Kor er bedehuset sin plass i kyrkjelandskapet i dag, og korleis bør me leggja opp arbeidet framover? Korleis kan me på best mogleg måte nå ut til vår samtid med godt nytt – med evangeliet? Me må våga å stilla desse spørsmåla, og me må våga å gå nye vegar når det trengst.

Men midt i strategiarbeid og planlegging, i arbeidet med å finna ut kor vi står og kor vi går, må vi ikkje gløyma kva grunnvoll vi står på. I 1. Kor. 3,10 står det: For ingen kan leggja ein annan grunnvoll enn den som alt er lagd, Jesus Kristus. Ei gammal salme seier noko av det same:

**Guds kirkes grunnvoll ene er Herren Jesus Krist.
Ved ord og vann alene den er hans verk for visst.
Da han på korset døde, han vant den som sin brud,
så den sin Gud kan møte i rettferds rene skrud.**

Guds kyrkje er ikkje Den Norske Kyrkja, det er ikkje den katolske kyrkja, og det er heller ikkje bedehuset eller indremisjonen. Guds kyrkje er ei samling av menneske av alle slag, fattige og rike, folk frå nord og sør, unge og gamle. Det er menneske som byggjer livet sitt og trua si på Jesus og hans ord, og som har det som grunnvullen for livet sitt.

Når vi skal staka ut vegen vidare for arbeidet vårt, er det også viktig å hugsa kva som er målet vårt. Målet er at både du og eg og så mange som mogleg av dei Jesus elsker og gav livet sitt for, ein dag skal få møta Han og få vera saman med han for alltid.

Vi skal leggja planar, vi skal laga strategiar, men vi må byggja på den rette grunnvullen – og ha målet for auga. Vi må gå i hans kraft, og vi treng å be om hans rettleiing, han som seier: Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera. Joh 15,5.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Frøydis Aarsland 459 55 965
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Tore Nesvåg 915 49 912

Bankgironr. 8220.02.80101

Krinsleiar
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745
Studiepermisjon til
1./1. - 2017

Krinsformann
Randi Klingsheim Bø
Tlf 971 97 462

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjølhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842

Himmelvendt eller jordvendt

I min oppvekst ble mange kristne beskyldt for å være altfor himmelvendt, og glemte at vi også har et liv her som vi må ta ansvar for. I dag beskyldes noen for det motsatte. Vi blir altfor opp-tatt av livet her, og glemmer det himmelske.

Som kristne har vi et liv både på jord og i himmelen. Her er vi Guds medarbeidere og hans lem-mer, Guds utstrakte hender til våre medmennesker. Her er vi Guds representanter i møte med dem som sulter, lider i krig, eller er rammet av urett; og ikke minst de vi møter i hverdagen, og i den kristne forsamlingen. «Vær med og hjelp de hellige som lider nød, og legg vinn på gjestfri-het. Velsign dem som forfølger dere, velsign, og forbann ikke. Gled dere med de glade og gråt med dem som gråter.» (Rom 12.13-15)

Samtidig har vi fått del i et evig liv hos Gud. Paulus kommer i Kol 3 med en oppfordring «Er dere da reist opp med Kristus, så søk det som er der oppe,» Det er i møte med det som er der oppe at våre liv kan bli preget til å være et sant 'Kristi brev'. I møte med hans kjærlighet kan vi få kjærlighet og kraft til å tjene våre medmennesker.

Der oppe, hvor Kristus sitter ved Guds høyre, hånd finner vi også håpet for framtiden. Opp gjennom historien har mange kristne i vanskelige tider funnet trøst og glede i dette håpet. Det var også en annen som så fram til den dagen. I Hebreerne 12.2 står det at «For å få den gleden han hadde i vente, holdt han ut på korset uten å bry seg om skammen,»

Hvilken glede var det han så fram til der han hang på korset? Var det at han endelig skulle bli ferdig med oppdraget og lidelsen, og få komme hjem til himmelen og kvile? Det kunne vært fullt forståelig. Jeg tror imidlertid at han så lenger fram. I Kor.1.9 står det at Gud har kalt oss til samfunn med sin sønn, Jesus Kristus. Jeg tror Jesus på korset så fram til den dag han skulle få samfunn med deg. Og når vi engang kommer hjem så står der en og venter på oss. Det var der-for han hang der på korset. Han så fram til den glede han hadde i vente. Sannelig har vi også et håp og en glede i vente. Og imens får vi lov til å være hans representanter her på jord.



Torbjørn Walderhaug

Barnehelg

JULEN 2016



- Gode historier
- Reportasjer
- Hobbyaktiviteter
- Julenøtter
- Innsendingsoppgaver
- Julekrim



Vil du kjøpe og/eller selge Barnehelg?

Her kan du tjene penger til årets julegaver:

5-19 blader kr 9,-/blad (20%)

20-49 blader kr 11,25,-/blad (25%)

over 50 stk kr 13,50,-/blad (30%)

Kontakt Indremisjonsforbundet på
56 31 42 40 eller barnehelg@imf.no
kr 45,- pr blad

imfung.no



Ognatunkafe

Tirsdag 28. febr. kl 11.00-14.00
Tirsdag 4. april kl 11.00-14.00
Ta med familie og venner og ta lunsjen på Ognatun!

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Julefeiringa
- Julemessa
- Vinterbasaren
- Åpne Dører
- Arbeidet i Finnmark

Takke for:

- Lokale formenn og kontaktpersonar
- Dugnadsfolka på Ognatun
- Økonomien
- Alle tilsette medarbeidarar
- Leirane på Ognatun

Til Finnmark som leirledere

Maria Hauge (snart 23 år gammel) fra Verdalen har siden august 2014 jobbet i Finnmark Indremisjon. Hun er ansatt som barne- og ungdomsarbeider, og bor i Vadsø.

► Tekst og foto: Tor Harald Håland

På Misjonssenteret i Vestre Jakobselv driver hun leirarbeid og Sprell Levende, og annehver onsdag er det B-tween-samling for 5.-7. klasse. I Vadsø driver hun Sprell Levende for 1.-4. klasse, BLINK for 5.-7. klasse og Bibelgruppe for ungdommer. I løpet av den tiden hun har vært i østre Finnmark har hun fått startet mange ulike lag, og har blitt godt kjent med barn og ungdom i nærmiljøet. I tillegg jobber hun som ringevikar i barnehage, og på fritiden er hun turntrener.

Se arbeidet

I samtale med Maria rundt middagsbordet på arbeidermøtet i januar, fikk Anne Berit Aarsland lyst til å reise og bli med Maria på leir i Vestre Jakobselv. Maria ba henne om å komme en hel uke, slik at hun kunne være med og se arbeidet hun driver. Anne Berit prøvde å få med seg flere, og det endte med at Anne Berit og Tor Harald Håland reiste nordover i høstferien.

Store avstander

Tirsdag formiddag 11. oktober hentet Maria dem på Kirkenes lufthavn. Deretter ble det omvisning i Kirkenes sentrum og grensbesøk til Russland, før det bar av sted mot Misjonshuset i Austertana. Der skulle de på lagsbesøk. Først Vinnergjengen, et opplegg for 1.-7. klasse, og deretter Himmelklubben for tenåringer. Anne Berit hadde lek og andakt for syv barn på Vinnergjengen, og Tor Harald hadde en liten andakt for de to som møtte opp i Himmelklubben. I løpet av den første dagen hadde Maria ca. 500km bak rattet, det forteller litt om avstanden som er mellom de ulike bygdene der nord. Onsdagen besto av forberedelser til leir og andakter, før det var klart for B-tween sam-



Barna på "Sprell levede" i Vadsø koser seg med kjeks.

ling på Misjonssenteret i Vestre Jakobselv. Der møtte det opp 12 ungdommer, de fikk servert pizza, og så fikk de en andakt av Anne Berit som handlet om mat for sjelen.

Afghanistan og Syria

Neste dag fikk vi tid til å besøke Finland, vi fikk se litt mer av naturen og vi fikk gå på middagsbesøk. Så var det Sprell Levende på Bedehuset Betesda i Vadsø. Dette er en ny oppstartet «søndagskole» som foregår annehver torsdag. Dette ble gjort som et grep etter at en annen søndagskole ble lagt ned i byen. Maria forberedte oss på at det kunne komme alt fra syv personer til ingen. Derfor ble vi alle veldig overveldet da det kom inn 10 barn og mødre fra det lokale asylmottaket. Her ble det utfordringer!! Vi skulle egentlig servere pizzasnurrer med skinke, men Maria hadde kjeks i bilen, så alle fikk kjeks og vann. Det gikk bra. At barn fra Afghanistan og Syria



Misjonssenteret i Vestre Jakobselv.

som antakelig var muslimer, møtte opp på Sprell Levende, det er fantastisk.

«Mitt valg»

Fredag kl.18.00 startet B-tweenleiren som er for de i 5.-7. klasse. Det ble en fullbooket leir med 24 gutter og 10 jenter. Barn fra Vestre



Lek og moro på "Vinnergjengen" i Austertana.



Her innvier vi den nye sang-fiskedammen.

Jakobselv, Vadsø og Tana. Tor Harald var med som leder og Anne Berit var taler på leiren. Ved leirslutt på søndagen var det avslutningsmøte. Der var foreldrene invitert, og de fikk høre om hvilket tema Anne Berit hadde snakket om på bibeltimene: "Mitt valg". At barna fremover, når de ble eldre, ville stå for flere valg i livet sitt. Og et av valgene var om de ville følge Jesus. Det kjekkeste med møtet var når barna sang for full hals sangen: "gi meg Jesus"! Det er en sang med et virkelig tydelig budskap som foreldrene også fikk høre. De fleste barna hadde vært på leir før, men ikke mange av dem har tatt valget om å følge Jesus.

Forbøn

Derfor er det veldig viktig å drive leirarbeid i Vestre Jakobselv, men dette er også avhengig av at det kommer ledere som kan være med. Oppfordringen er derfor gitt, Maria tar gjerne imot flere som kan tenke seg å være med som leder på leir. Anne Berit og Tor Harald føler i hvert fall ikke at avstanden mellom Rogaland og Finnmark er så stor lenger etter å ha vært der.

Ikke mange har hørt om Jesus der Maria jobber, vær derfor med i forbønn for det arbeidet hun gjør for barn og ungdom i Vestre Jakobselv og Vadsø.

Hun har startet opp mye på kort tid, og er avhengig av hjelp fra de lokale hvis alt dette og mye mer skal fungere i fremtiden. Det å disippelgjøre ungdom og å få folk til å være med på det hun har startet opp står hennes hjerte veldig nær.

Hun opplever kraften i fra forbønnen hun får fra folk i landet, og hun er takknemlig for den støtten hun får. Så igjen: vær med i bønn for hennes arbeid.



Tor Harald Håland ved grensen til Russland.

Vinterbasar: Egersund og Bjerkreim



LØRDAG 4.FEBRUAR 2017 ønsker foreningene i Bjerkreim og Egersund igjen velkommen til VINTERBASAR.

Som før blir det kafé med rullelapper på Egersund Bedehus fra kl. 10, og komlesalg ca. kl. 12.15, komlesalg og rullelapper på Bjerkreim Bedehus ca. kl. 12.30, og sangstund på sjukeheimen på Vikeså om ettermiddagen. I år får vi flott besøk av Trekkspillgutta. Iflg. presentasjon på deres DVD er de "13 godt voksne karer, bosatt fra Stavanger til Sandefjord, som ønsker å formidle et godt budskap gjennom gamle og nyere evangeliske sanger,. En mindre gruppe blir med både i Egersund og Bjerkreim om formiddagen og på sjukeheimen om ettermiddagen. Og så kommer hele gruppa med flere instrumenter + sangere som ikke bare er "karer", på stor sang- og musikk-kveld på Bjerkreim Bedehus kl. 18. Der blir det også matpause med åresalg og hovedtrekning. Hjertelig velkommen fra fjern og nær. Vi regner med mye folk og godt overskudd til ImF Rogaland.

MM

Weekendar på Ognatun vinteren 2016

Mannsweekend

20.-22. januar
TEMA: «Lys våken»
Talar: Torgeir Lauvås
Song av Arne Pareli
Tur og bedriftsbesøk
Besøk av Alexander Scimanski og Sølve Salte



Torgeir Lauvås



Arne Pareli

Inspirasjonshelg for kvinner

27.-29. januar
TEMA: «Vegen, sanninga og livet»
Talarar: Martha Paulsen
Songarar: Anne Mie Landro Heimvoll m/fl.
Strikkekafe med utlodning.
Festkveld og delestund



Martha Paulsen

Kvinneweekend

10.-12. mars
TEMA: «Kom til kilden»
Talar: Aud Karin Kjølvik Ringvoll
Songar: Astrid Brekkå Persson
Festkveld
Utlodning



Aud Karin Kjølvik Ringvoll

Fellesinfo:

PRIS kr 1 600,- leie av sengetøy kr 95, oppredd seng kr 135,-
Pris for einerom er kr 2 000,- (begrensa antall rom)
Påmelding til ImF-Rogaland tlf. 51 79 38 80, eller e-post: rogaland@imf.no.
Velkommen til ei helg med åndeleg og sosialt fellesskap på Ognatun!

Kort møte med Trond Kjartan Michaelsen Områdeleder Åpne Dører Rogaland



Trond Kjartan Michaelsen

Korleis vart du ein kristen?

Eg er vaksen opp i ein kristen heim, men kom til eiga tru på Jesus i byrjinga av 1990 talet gjennom ein møteaksjon i Nordhordland Indremisjon der Johnn Hardang tala.

Kvifor er du ein kristen i dag?

Det korte svaret på det er at eg er kristen i dag fordi eg har møtt ein frelsar som tek i mot meg slik eg er. Eg har erfart Hans nåde og kraft i eige liv, og sett korleis Gud kan forandre menneske og gje dei et heilt nytt liv. Eg er også ein kristen fordi eg har lese i Bibelen og funne at Guds Ord er truverdig og til rettleiing for både tru og liv.

Korleis vart du interessert i Åpne Dører sitt arbeid?

Eg møtte kristne som hadde opplevd forfølgning for trua si for første gong i 1994 på ein tur til Litauen. Det gjorde eit sterk inntrykk på meg, og sidan har forfølgde kristne lege nært hjartet mitt. Sidan vart eg kjend med Åpne Dører som arbeidar med forfølgde kristne i over 60 land, og eg fekk også det store privilegiet å få byrja i organisasjonen i 2011.

Er det noko som spesielt opptek deg i arbeidet nettopp nå?

November månad er ein travel periode for oss i Åpne Dører, der vi har søndag for forfølgde kristne og er med arrangør i Fakkeltog for forfølgde kristne 10. november i Stavanger. I år har vi spesielt fokus på dei kristnes situasjon i Midtausten og Den arabiske halvøy. Me lanserer også no ein 7 års bønneaksjon for Midtausten, der vi ynskjer å sjå ein fundamental forandring for alle menneske der, og spesielt for dei kristne. Det ligg informasjon om denne aksjonen på Åpne Dører sine heimesider. (www.opendoors.no) Elles gjer eg og førebuingar til ei reise til Colombia i slutten av november for å besøka arbeidet til Åpne Dører der.

Korleis syns du engasjementet er for forfølgde kristne blant kristenfolket i Rogaland?



Vi er svært takksame for alle i Rogaland som er med i bøn, gjevarteneste og engasjement for forfølgde trossøsken. I møte med forfølgde trossøsken i mange land betyr dette svært mykje, og det er til stor oppmuntring for dei når me kan fortelje at mange menneske i Noreg står saman med dei i bøn. Det gjer dei nytt mot til å halda fram som kristne, og å fortsette med å bringe budskapen om Jesus til sine eigne landsmenn, trass vanskan dei møter. Forfølgde trossøsken driv indremisjon i eige land som oss, og vi har mykje å lære av dei og dei har mykje å lære av oss, difor er denne kontakten svært verdifull. Og her kan eg jo leggja til at om nokon ynskjer besøk av Åpne Dører i forsamlinga eller foreininga si er det bare å ta kontakt med oss.

Kva kan vi i Rogaland gjer?

Først og fremst å be. La dei forfølgde kristne bli ein naturleg del av bønlevet, både personleg og i forsamlinga. Bruk bønnekalenderen til Åpne Dører som gjer oppdaterte bønneemne frå den forfølgde kyrkja. Ein annan ting som eg vil trekkje fram her er å bli med på ein bønne og oppmuntringstur til land der Åpne Dører arbeider. I februar neste år har me ein slik tur til Egypt der alle kan delta, der får vi høve til å møte forfølgde kristne som kjempar for evangeliet i eige land. Det betyr svært mykje for dei å få besøk, og det er ei stor oppleving å sjå korleis Gud verkar i og gjennom vanlege menneske, slik at Guds rike veks, trass motstand.

Eit ynskje for framtida!!

Eit ynskje er å få oppleva at det islamske sløret over den arabiske verden skal falla, og at dei skal få oppleva at Isa (Jesus) er meir enn ein profet, men ein frelsar som kan gje dei den freden dei lengtar etter.

Julebuffet på Ognatun

Julebuffet m/dessertbord og kaffe

Onsdag 30. nov. kl. 19.00

Søndag 04. des. kl. 12.30

Forhåndsbestilling/reservering av bord innan 22. nov.

Tlf. 51 79 38 88

Pris: kr 450,- vaksne
kr 220,- 4-12 år
kr 50, 1-3 år

Ta med familie og venner og legg turen til Ognatun!

Julemesse Brusand Bedehus

Taler: Henning Person.

Fredag kl 18: Sang av gruppe fra Nærbø!

Lørdag kl 11.00: SYNC spiller.

kl 13.30: Familiemøte. SYNC spiller.

Matsalg (kaker, kaffi), utlodning, lynlotteri, salg av dørkranser, gravpynt, småkaker mm. Kom og bli med!

ImF-Ogna Brusand og Sirevåg

TS

Populært med Besteleir!

Helga 7.-9. oktober arrangerte vi for første gong Besteleir på Ognatun. Der møttes 13 besteforeldre og 20 barnebarn med store forventningar til leirlivet.

► Av: Terje Slettebø

I løpet av helga var der samlingar og aktiviteter for både barnebarna og besteforeldra. Noko kvar for seg, og noko felles. Torgeir Lauvås var leirsjef og talar for dei vaksne. Gunn Siri Meland Tjelta var talar for barna. Laurdag føremiddag var Mia Holta med og hadde eit føredrag for dei vaksne med tema « Er du glad i meg» Der tok ho opp korleis ein kan byggja gode relasjonar mellom besteforeldre og barnebarn.

Vi i Siste Indre tok ein liten prat med to av bestemødrene som var med på leiren for å få høyra litt nærmare om Besteleiren.



Solfrid Hjelleset, Bryne, hadde med seg 2 barnebarn, tvillingar på 6 år.

Kvifor reiste du på Besteleiren?

-Ei venninne fortalte meg om leiren og at ho skulle vera med. Eg syns det høyrdes kjekt ut og meldte oss på. For meg er det viktig å vera med å få gje desse gutane ei kristen oppseding, og eg syns leiren var ein fin ting å ta dei med på.

Korleis var det å vera på leir med barnebarna?

-Det var veldig gjevande og kjekt. Barnebarna som er aktive storkoste seg, og det var også hyggeleg for oss besteforeldre. Etter leiren var tvillingane samstemte i at det hadde vore gal kjekt!

Judith Nærland, Nærbø, hadde med seg eit barnebarn på 7 år og eit oldebarn på 8 år.

Kvifor reiste du på Besteleiren?

-Eg tente på ideen for eg syns det var flott å få vera saman med eit barnebarn og eit oldebarn ei heil helg. Og så ynskjer eg at mine barnebarn og oldebarn skal bli kjent på Ognatun. Håper at ei slik helg kan gje dei den trygghet dei treng for å reisa på leir aleine.

Korleis var det å vera på leir med barnebarna?

-Det var flott å ha denne helga saman, ekstra stas for barna at vi vant sporleiken saman med ein annan familie. Veldig flott opplegg, flinke unge leiarar, og Torgeir Lauvås var fantastisk som leirsjef. Dette gav meirsmak, og eg oppfordrar andre besteforeldre til å melda seg på neste gong det er Besteleir!



ImF-Rogaland som praksis plass

Gunn Siri Meland Tjelta (22) frå Ganddal trivst godt med å ha ImF-Rogaland som praksis plass. Her får ho praksis i både barnelagsbesøk, leirliv, laga leirfilm og leirbrosjyre, og innblikk i misjonsarbeidet i ein krets.

Før ho begynte på Bibelskulen i fjor haust gjekk ho Interiør/design på Vågen vidaregåande.

► Av: Terje Slettebø

Gunn Siri driv med styrkeløft og tek 135 kg i markløft, så det er ein sterk medarbeidar vi har med oss på kontoret i år!!!

Dette året går ho andre året på Bildøy Bibelskule og er T2 student der. Då har dei 15 veker med undervisning på skulen og er 22 veker ute i praksis. På skulen får dei undervisning retta mot leiarskap, etikk for leiarar,

relasjonsleiing og barne/ ungdomsarbeid. Andaktslære er på timeplanen, oppgåver må skrivast, og dei får oppfølging i vegleiingsgrupper og gjennom mentorsamtaler.

Kvifor valde du å vera T2-student?

-Det er mest fordi eg ikkje klarte å seia nei til det. Eg vart oppfordra av fleire av lærarane på skulen til å gå T2. I tillegg hadde eg ein samtale i Sør Afrika (på linjeturen) der det var ein setning som blei sitjande igjen «Eg trur ikkje Gud er ferdig med deg enda!» (Det blir han vel aldri heller, tillegg frå Gunn Siri) Nå trivst eg godt med opplegget så langt og kunne ikkje tenkt meg og gjort noko anna. Gunn Siri seier at ho er blitt godt motteken i ImF-Rogaland og trivst i medarbeidar fellesskapet. -Kjekt å bli kjent med nye menneske og godt å vera på ein arbeidsplass der det er naturleg at Bibelen ligg oppslått på skrivepulten og at ein kan samlast til felles bønn på kopirommet, understrekar praksisstudenten. For Gunn Siri var det ein ny erfaring å vera leiar på leir, men ho likar utfordring-



ga. Ho syns det er langt å reisa frå Ganddal til Ognatun for å koma på «jobb», men det er og ei erfaring og det tek ho med eit smil.

 **ImF Rogalands**
Julemesse
Saron, Bryne 2. og 3. des 2016

ImF Brass Bryne (Fre)
Aud Karin Kjølvik Ringvoll
Kor Bra fra Bryne (Lø)



Fredag 19.00

Sang & musikk møte
Salg av pizza m.m, årslag, kransekakelotteri, varesalg, julekaker

Lørdag 11.00

Åpningsmøte

Kafeteria, julekakesalg, grønnsaker, egg, håndarbeid, hovedtrekning, årslag, kransekakelotteri m.m

BARNAS JULEMESSE

med aktiviteter, salg av julegotteri og barneutlodning.

Lørdag 13.30

Familiemøte

Tur til Egypt

Åpne Dører inviterer deg til å bli med på en bønne og oppmuntringstur til Egypt 11. til 18. februar 2017.

- Møte forfulgte trossøsken
- Få nye erfaringer
- Opplev et vakkert land
- Godt fellesskap

For spørsmål og mer informasjon kontakt oss:
E: trondkjartanm@od.org T: 40 54 58 15





Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø



+362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:
Torget 5, 4340 Bryne
Nordsjøveien 2671,
4360 Varhaug
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no



www.jarok.no



Tlf: 466 54 333
www.sirevaagsalongen.no
(Online bestilling)



Bryne Rør A/S

Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no



begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505

Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710

Elektrofag Jæren
En god kontakt på Jæren

Astor Industri
Eiendom AS



Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

Vigdel Engineering AS
Telefon 46 41 18 19
Egil@vigdelengineering.no



Tlf.: 464 22 022



Vardheiveien
Eiendom AS



GM-offshore

FARGERIKE

FARGERIKE HALVORSEN

Varhaug

Tlf: 51 43 61 00

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser - økonomisk rådgivning

NETTREGNSKAP OG RÅDGIVNING - TLF. 51 43 61 00 - WWW.NETTREGNSKAP.NO ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

morten@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no

reime&lode

Nærbø. Tlf. 51 79 10 10

www.reimeoglode.no



**MASKINERING &
SVEISESERVICE AS**




LEIR	ALDER	DATO	PÅMELDING
På leir med mor	5-7 år	3-5. febr.	Påm. frist 9. jan.
Påskeleir 1	5.-7. kl.	24.-26. mars	Påm. frist 27. febr.
Påskeleir 2	3.-5. kl.	31.mars-2 april	Påm. frist 6. mars.
Påskeleir 3	2.-4. kl.	7.-9. april	Påm. frist 13. mars.
Sommerleir 1	2.-4. kl.	9.-11. juni	Påm. frist 15. mai
Sommerleir 2	3.-5. kl.	16.-18. juni	Påm. frist 22. mai
Sommerleir 3	5.-7. kl.	23.-25. juni	Påm. frist 29. mai
Feriedager	1.-6. kl.	7.-11. aug.	Påm. frist 3. april
På leir med far	5-7 år	8.- 10. sept.	Påm. frist 14. aug.
Tenleir	8.-10. kl.	22.-24. sept.	Påm. frist 28. aug.
Besteleir	1.-4. kl.	6.-8. okt.	Påm. frist 10. sept.
Førjulsleir 1	2.-4. kl.	17.-19. nov.	Påm. frist 23. okt.
Førjulsleir 2	3.-5. kl.	24.-26. nov.	Påm. frist 30. okt.
Førjulsleir 3	5.-7. kl.	8.-10. des.	Påm. frist 20. nov.



Feriedager 7.-11.august i 2017.
 Kjekke dager med ulike aktiviteter her på Ognatun, fra kl. 8.00-15.00.
 Dersom du ønsker å sende barnet ditt med tog, vil vi ha en reiseleder på toget som følger barna fra deres lokale togstasjon. Deretter vil barna bli hentet på Ogna stasjon i bil og kjørt opp til Ognatun.
 Mer informasjon kommer etter hvert på vår nettside:
imfrogaland.no



Barn/Ungdom med funksjonshemming som trenger assistanse til personlig hygiene/ADL må ha med egen assistent.
 PS! Dersom du ikke har mulighet til å betale for at barnet ditt skal få reise på leir, ber vi deg ta kontakt med oss på kontoret.



Påmelding:
 Meld deg på på vår nettside: imfrogaland.no
 Vi tar ikke påmelding pr. mail eller tlf.
 Fyll ut påmeldingsskjemaet for den leiren du vil på, og trykk send.
 Du vil da få opp en beskjed om at din påmelding er registrert.
 Vi trekker om hvem som får plass
 Etter at påmeldingsfristen har gått ut trekker vi om hvem som får plass på leir. Vi trekker da rom for rom. Det vil si at de som oppgir at de ønsker å sove på rom sammen, blir trukket som ett rom.
Ved spørsmål ring:
 ImF Rogaland
 tlf: 51793880
 Kontortid: 9.00-15.00



På leir med mor: kr. 625/1415 (hel helg)
Påskeleir: kr. 730
Sommerleir: kr. 730
Tenleir: kr. 865
Feriedagene: kr. 340 pr. dag, kr 1600 pr. uke
På leir med far: kr. 625/1415 (hel helg)
Besteleir: kr. 730/1520 Bestemor og/eller bestefar med barnebarn
Førjulsleir: kr. 825

Vi løfter økonomien i lag!

Målsetjinga for ImF-Rogaland i 2016 er ein inntektsauke på 2,3 %, etter 9 mnd er inntektsauken på 17,1 %.

Utgiftene har i same periode blitt redusert med 5,8%. Hovudgrunnen til nedgangen i utgifter er sjukemelding og at ein har redusert ein av stillingane i barne-og ungdomsarbeidet frå 100 til 50%

Dette betyr at ved utgangen av september har kringen eit underskot på kr. 325 000. På same tid i fjor var underskotet på kr. 1 008 000. Utviklinga i år er betre enn budsjettet, som har eit underskot på kr. 150 000 som målsetting. Slik utviklinga er nå, og med ei god økonomisk avslutning av året, er det realistisk å tru på overskot ved årets slutt.

Eit overskot vil vera svært kjærkome for å bygge opp igjen likviditeten i kretsen. Underskotet i fjor på 407 000 merkast på likviditeten, og Ognatun betalte tilbake 200 000 kr på lånet for at kretsen i ein periode skulle ha midlar til den daglege drifta.

Hjarteleg takk til alle som står med og ber arbeidet økonomisk, vi gleder oss over auke i inntektene og prøver å legge til rette for ei trygg økonomisk utvikling framover.

For kretsstyret
Terje Slettebø, adm.leiar

JULEFEIRING

Ognatun Ungdomssenter

24. desember 2016



HVA: En tradisjonell norsk, kristen julefeiring for mennesker fra alle land og kulturer. Det blir juleforestilling, julemiddag, gang rundt juletreet, julekaker og julekos!

NÅR: Fra kl. 16.00-22.00

TRANSPORT: For de som ikke har mulighet til komme seg dit vil vi prøve å hjelpe til med transport.

Påmelding innen 11.des.til:
Indremisjonsforbundet I Rogaland
Tlf: 51793880 eller e-post: rogaland@imf.no
Pris: Gratis
Rusfritt arrangement



Indremisjonsforbundet i Rogaland



Kja Rogaland

Sammen-helg

Ognatun 21.-23. april 2017

Hovedtaler: Leif Nummela

Lovsangsgruppe, Barnekor, Sammen-tivoli m.m

ImF Rogaland
VIER GODE NYHETER

Nå har ansatte i ImF Rogaland og Ognatun kommet med enda et nytt oppskriftshefte. Årets tema er: Kveldsretter

kr 150,- pr. stk. for KVELDSRETTER



Vi selger også oppskriftsheftene KAKER, SUPPER og GJERBAKST!

kr. 100 pr. stk. for de tre andre.

WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Grønting
- Grus/pukk
- Landbråk
- Traktor
- Pressing av rundkaller
- Vintervedlikehold
- Breyting og streing



Tlf: 90 79 61 44



Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnrau@online.no



SERVICE • DELER
REPRASJONER



Returadresse:
ImF Rogaland
Mjølhusevegen 70
4364 Sirevåg

Vellykka basarkveld



Åpne fellesskap



Kjekt å dele ut gevinster.

Ognatunbasaren torsdag 29. september vart ein flott kveld. Det var fullt hus på Ognatun, Reidar Røyland hadde andakt og Astrid H. Varhaug song. I matsalen fekk folk kjøpe flotte smørbrød og kaker og "drøsen" gjekk godt.

Når kvelden var over og pengane talt opp hadde det kome inn kr 166 000kr på basaren. TUSEN TAKK til alle som på ein eller annan måte har bidrege til dette gode handslaget til Ognatun!



Guðrund Austbø syng med barna.



Reidar Røyland på talarstolen.